

Bilulykke på Fitjaflatene.

15.02.2017



Bilane var ikkje kjørbare etter ulykka. Dette er skaden på bakparten på bilen som vart påkjørt.

I halvåtte-tida vart ein bil påkjørt bakfrå av ein annan bil mellom Skulebruo og Sjøhaugen, vis a vis Kapteinsgården. Bilane var på veg innover mot Uskedal sentrum, To personar var sendt til lækjarvakta for sjekk, men det skal kun vera snakk om lettare skadar.

Både politi, ambulanse og brannvesen kom til staden. Operasjonsleiar Bjarte Rebnor ved Politiets operasjonssentral opplyser at dei fekk melding om påkjørselen kl.19.34. Det var 4 personar i del eine bilen medan føraren var åleine i den andre. Dei kom tilsynelatande frå ulykka utan skade, men to av dei vart kjørt til lækjarvakta for sjekk. Bilane fekk så mykje skade at dei ikkje var kjørbare etterpå. Dei vart derfor frakta til verkstad av bergingsgsbil.

Den eine bilføraren fekk førarkortet inndratt, men operasjonsleiar Rebnor kjende ikkje til den eksakte grunnen til det.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.